

Eit helselag med mange og varierte aktivitetar.

06.03.2018



Det nyvalde styret i Uskedal helselag: F.v: Line Soltveit, Randi Nybakk, Klara Bakke, Berit H. Myklebust, Eli Roseth Eik, Marian Rød Hauso. Varamedlem Lene Gjuvslund Skjelnes var ikkje med då biletet vart teke.

Uskedal helselag med heile 100 medlemer og mange gode aktivitetar hadde årsmøte i går kveld. Berit H. Myklebust held fram som leiar. Med seg i styret har ho: Marian Rød Hauso, Klara Bakke, Eli Roseth Eik og Line Soltveit. Varamedlemene er Lene Gjuvslund Skjelnes og Randi Nybakk.

Årsmeldinga vitnar om stor aktivitet med mange gode tiltak gjennomført.

- Basaren i april månad
- Jubileumsfest - helselaget 100 år
- Demensaksjon
- Frukt og sunn lunsj til skulen og barnehagen
- Besøk på Rosendalstunet med kaker og bakst
- Pakkar og julegåver til Valen sjukehus
- Juleblom til uskedelingar på sjukeheimane i kommunen og til dei som bur i Hagetunet

Prosjektet Gull av grus er ferdigstilt frå Helselaget si side med tilskot til asfalt, kr. 75.000,- løyvd frå KSbank-stiftinga. Helselaget har dessutan løyvd til saman kr. 30.000,- til gode føremål, fordelt på sju ulike tiltak.

Uskedal helselag har valde utsendingar til Grusbaneprosjektet, Friluftslaget og Fylkesårsmøte. Helselaget var med på regionsmøte i Rosendal, eit felles møte for alle helselaga i kommunen.

Turen i 2017 gjekk til Oleana der ein fekk innsyn i arbeidet med strikkeprodukt. Gågruppa, som starta i 2010, er framleis aktiv. Styrketreninga kvar måndag er populært tiltak med eit snitt besøkstal på 13 personar kvar gong, av dei er to menn.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal